



Tysseland Arkitektur AS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6229 - 20/13180

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
06.03.2020

Mellombels bruksløyve - gbnr 323/613 del av tomannsbustad BK07
Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 255/20

Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS
Ansvarleg søkjar: Tysseland Arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for del av tomannsbustad BK07 på gbnr 323/613 på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: halvparten av tomannsbustad BK07 med adresse Elvavegen 53 og gbnr 323/613.**
- 2. Ferdigmelding for VA-tilkopling med SOSI-koordinatar skal liggje føre, og vere godkjent, før ferdigattest kan givast.**
- 3. Søknad om ferdigattest skal liggje føre innan 01.05.2020**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 18/2083 DS 240/2018, datert 17.09.18.

Ansvarleg søkjar har opplyst i søknaden motteke 03.03.20 at det har skjedd endring av ansvarshavande for utføring av ventilasjons- og klimateknikkarbeid. Det er motteke erklæring om ansvarsrett frå føretaket Ventilasjon Varme teknikk AS, org.nr.

98685222 for utføring av ventilasjonsarbeid. Dette er vist i mottatt gjennomføringsplanen versjon 3 , datert 28.02.20.

Ansvarleg søker har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

- 1. Ferdigmelding med SOSI-kordinatar for VA-tilkopling skal ligge føre godkjent før ferdigattest skal gjevast innanfor 01.05.2020**
- 2. Avfallsplan skal sendast inn innanfor 01.05.2020.**

Mellombels bruksløyve gjeld resten av tiltaket, gbnr 323/613. Mellombels bruksløyve for første delen av tomannsbustad BK 07 på gbnr 323/614 Elvavegen 55 vart gjeve 26.06.19.

Ansvarleg søker har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.05.2020.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.03.20.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Skildring

Adresse:	Elvavegen 53
Bygningstiltak:	Del av tomannsbustad
Bygningsnummer:	300704848
Bruksareal:	135,8 m2
Avløp:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	1

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.

- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/6229

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1518 Elvaåsen BK07 Soeknad+om+endring+av+tillatelse samlet

1518 Elvaåsen BK07 Anmodning+om+midlertidig+brukstillatelse samlet

Kopi til:

Boligbygg Vest AS

Fagerdalen 4 5039

BERGEN

Mottakarar:

Tysseland Arkitektur AS